Forretningsdrefta i 25 aar.

Akkorat som døm skulde vera bluge, saa smaat tok døm tel da døm skjepa fylkeslage. Møteboka var ei vanli skuleskrive-bok, regnskape vart ført paa lause papirark, — itte taa slurv, men før aa vera vare. Den kassaboka Per Hveberg kjøpte før fylke, vart brukt like tel 1922, og fysst i 1909 vart de kjøpt ei skikkeli møtebok.

De var nukk best aa vera var au; før inntekten var berre di usekre 10 øre taa hørt lagslem og overskøtte taa stemnen. De fysste aare er de 7 lag som greier 10-øringen, de are aare 3, de trea aare inga. Stemna i Grue 1900 hadde kr. 6,15 i overskøtt, i Eidskog 1901 kr. 17,65. Men saa var utlegga deretter, — 1900—01 kr. 5,19. Døm la penger ihop lell. — Dette gjikk saalengi lagsærbe var eit aarsmøte om aare. Verre vart de da fylke fekk sakliste. Aara 1906, —07 og —08 kom inga lagspenger inn. Noen taa aarsstemnen ga vins, men are att tap, saa de gjikk op i op omtrent. Og ærbe dreiv døm som om døm hadde ei full kasse aa ta taa. Men i 1909 og —10 reiste presten Anker rundt i laga. Han tok sæ taa denne sia taa lagsærbe au, rekti høvle laga over, freiste einda aa samle inn penger. Fraa da vart de mye likere. Lagskontingenten kom da inn. Fraa 1920 vart aarspenga sett tel 50 øre. Noregs Ungdomslag krevde 25 øre før hørt medlem før sin part, og krava tel fylke auke før hørt aar, saa de au trengte større inntekter. Medlemspenga rokk itte langt, snaut nukk tel aa dekke

utlegga med styringsærbe. Men fylke fekk midler tel aa drive fram med saken sine fraa

kaffistove-dreſta.

I styremøte $^{25}/_{10}$—14 er kaffistove-spørsmaale før fysste gongen nemt i møteboka. Styre vælde ei nemnd som skulde førebu saka. Tel nemnd vældes Elise Anset, kaptein Erdmann, N. Sivertsen og Arne Næss. Næss skulde kalle nemnda inn tel møte.

Som sak 6 i styremøte før 30. desember 1915 blir nemnd-framlegge godtei, og som sak 7 vart de avgjort at døm skulde leige hus i garden tel blaeigar K. Engebretsen. Penger tel dreſta skulde samles inn ved aa skrive ut løtbrev som kaffistova hadde rett tel aa løyse inn, saasnart ho fekk raad. Løttegninga maa ha gaatt lett, da døm alt den 14. mai 1916 kunde opne stova tel dreſt. Ved dessa tien var Glaama-flommen veldiere hell følk kunde minnes. Ho gjikk over Nor-tangen og langt inn paa stasjonstomta paa Kongsvinger jernbanestasjon. I opningsprologen ter Anders Underdal grunntona fraa de og ser framtia før Varden som vaarflommen i Glaama.

Sylver-Aa.

Har du sett eit byrgare Syn enn Glaama Elv, slik du ser henne idag:

Denne Vaardag! —

Ho er baus til kvar den Vaar, Glaama Elv, men aldri var ho slik aa sjaa som just denne Vaar.

Kvar kjem ho ifraa, Glaama! — Fraa Dalom kjem ho, fraa dei djupe Skogane, fraa dei høge Fly. Søkjer dei hennar Uphav, maa dei lengst til Fjells — ratt til Doverefjell. Ei lita Kjelda finn du. Djup og klaar er denne Kjelda. Fram under Hellaren stig ho, sylverblenkjande, fraa Barmen av det mektige Fjell Dovre.

Glaama gaar gjennem Vinger By, Kongsvinger. Mektig og byrg skrid ho fram, vyrdsleg og hugdaarande. Alle maa sjaa ho. Alle fagnar ho. Ho er Herskerinna, Dronning.

Ei onnor Elv naar i denne Dag Vinger By. Likeso mektig, likeso hugdaarande aa sjaa. Kven er so denne Elv? Ho er Landsens aandelege Arvesylv, Folket sin dyre Ættararv. Og Navnet henner er Sylver-Aa.

Fraa Dalom kjem ho, fraa dei djupe Skogane, fraa dei høge Fly. Og henner Uphav er aa likna med Kjelda paa Dovre-Fjell: Djup og klaar er denne Kjelda. Fram under Hellaren stig ho, sylverblenkjande. Fraa Barmen av det mektige Fjell Dovre.

Men Uphavet til Sylver-Aa er aa finna i Folkebarmen, i Hjarta av Landsens Folk.

I Aarhundrad rann Sylver-Aa so stilt, so løyndeleg. Ho var mest ikkje aa høyre, lite aa sjaa. Andre Elvar raadde Grunnen, dei blenkte, dei bruste — —. Me likte ikkje desse Elvane — —. Det var framand Glans, framand Ljod: Det var Vilske ved Glansen, det var Misljod i Tonen. Me likte dei ikkje.

Men Sylver-Aa vakna i, slog til Ljod, rudde seg Rom, og aukande fløymde ho fram, blenkjande, brusande. — — — Og no? Aldri blenkte ho so fagert, so sylverfint; aldri bruste ho so daarande, so sigerselt, — aldri, aldri slik som no.

Sylver-Aa naar idag Vinger By, Kongsvinger. Med „Vingerheimen" vann ho seg inn. Og i „Vingerheimen" fester me ikveld, festar for henne, for Dronningi. Me helsar henne velkomen, me hyller henne. Heil vera deg, Sylver-Aa! Du Landsens aandlege Arvesylv. Folket sin dyre Ættararv! Ja, heil vera deg!

— — —

Tel opninga hadde Arne Næss dekte denna sangen:

Kaffistova vaar.

Vi fostra ein Tanke, vi fram han bar,
og Tanken han Studnad vart lova.
Og Handling gjekk snøgt i hans Fotefar,
so no stend ho ferdig, vaar Stova.
I heimsleg Bunad, paa heimleg Lag
vert Kaffistova fraa fyrste Dag.

Dei segjer at Kaffi er faarleg, for
han tærer paa Helsa og Krafti.
Men sa du det same um stova vaar,
so fekk du nok Juling litt saftig.
Ein norsklynd Ungdom vil verja ho,
ein Ungdom nett av det rette To.

For farande Landsfolk fraa Sud og Nord,
som Snøgtur til Byen vil gjera,
skal Stova staa ferdig med Sess og Bord
og hyggjeleg Møtestad vera.
Og um ho Gjesting av Byfolk fær,
so er dei alltid velkomne her.

Men fritt vil vi ha det for Drikk og Staak,
all agelaus Aatferd vert hata.
Um nokon her syner seg lei og laak,
so ber vi han gaa utpaa Gata.
For her skal Hyggja og Trivnad bu,
det skal vi lova for eg og du.

I aarsmeldinga for 1916—17 melder styre at døm har hatt mye hugge og glee taa kaffistova, og at stova har gaatt framifraa.

21. april 1919 ter styre op spørsmaale om aa kjøpe

Glomgt. 25 taa baker Rovelstad. Styre vart enie om aa by kr. 95 000. 11. mai s. a. er de nytt styremøte. Da vart kontrakta som Arne Næss og N. Sivertsen hadde



Kaffistova, Kongsvinger.

skrivi med Rovelstad, godtei, dersom Kongsvinger bystyre itte hadde noe aa seia paa de at huse vart nytte tel kaffistove. Prisen var kr. 100 000. 25. mai var de styre- og førmannsmøte att. Spørsmaale naa var aa faa

reist eit laan paa kr. 60 000. Da bau Arne Næss sæ tel aa staa god før lage mot pant i garden, og saa tok han sæ unda at han før framtia skulde vera fritein før ærbe og omhu i kaffestova og Varden. Tebøe tok døm mot; men istelle før aa frita 'n før ærbe, har døm lagt meir og meir paa 'n tel hørt aar. Utakk er løna i verda, veit du.



Kaffistova innvendi.

Naa har Varden greitt di 60 000 kr., — ja, meir au. Men itte eit menneskje hadde vaagd aa kavere før Varden i 1919, — uten han Arne. De var da sagt taa mange at Næss hadde raa tel aa *tapa* kr. 60 000 paa slikt.

Naa har fylke voksi i følke-omdømme. Døm har bruk for Varden og penga der baade den eine og are, baade tel eit og anne. Varden blir snart noe nødvendi i Saaler—Odal. Ære før de har Arne Næss, de faar staa fast, — før de han hadde hjertelag tel aa vaage

60 000 kr. før ei sak han trudde paa. Sea har han vøri førmann i styre før kaffistova, heile tia au.

Arne Næss er solung og har vøri ein mye trudd mann i de kommunale og politiske live. Ordførar i ei rekke aar, og helles alle di hverv som ein kommune har aa by paa. Varamann som tingmann var han au, og ein gong kom de telbø einda fraa motpartie, at døm vilde stemme paa 'n, om han vilde la bli med maalstrev og avholdspolitikk. Da svara han at vart han vald, skulde han gjera sitt beste tel fremjing taa di saken. Sjølvsagt kom han itte med. Politikken har itte bruk før mannfølk, ser de ut tel.

I Varden kann vi naa itte gødt vera han førutta. Paa 60-aarsdagen hass i januar 1921 møtte Varden-styre op og ga han ein sølvbolle, før aa vise døm skjønte paa de han hadde gjort. 11. juni samma aare vart han ilag med Renolen væld tel hedersmedlem i Varden.

Mimi Engebretsen.

Fru sorenskriver Engebretsen har likeeins heile tia staatt i kaffistove-styre. Paa sin vis har a gjort sæ like umistendes som Arne Næss. Ho er Kongsvinger-dame. De har virke mye i følkeomdømme at ho hai tei sæ saa trutt taa Varden-saken.

Gardbruker Ivar Hoff har likeeins støtt vøri i kaffistove-styre. De er dessa tre som har greitt farten, tona og heile stelle for kaffistova. Og Varden er døm alle tre stor takk skuldi.

Ivar Hoff.

Di are i styre har berre gjort gjesteroller og faatt mindre og seia. Jørgen Dale har vøri førretningsføraren fraa fysste dagen. Ihop med frk. Krogsrud har han

staatt før den daglie dreſta. — Frk. Ragnhild Krogsrud er fraa Nord-Odal og har vøri styraren før stova fraa fysste dagen. Eit aar ho laag sjuk, var frk. Kari Bjølset før henne. Ho viste sæ au som ei sers paalitendes og dugeli styrarinne.

Heile denna tia har likesom Varden-ærbe hvilt paa kaffistove-dreſta, og ner vi naa ser att-ende og sømfér dreſt, regnskap, aarsvins, vørnaden ute millom følk, stelle m. m., — saa gir vi saa gjerne den attesta at de har gaatt framifraa, og detta har samærbe millom styraren, førretningsføraren og styre æra før. Detta viser au at følk som veit haa døm vil, ærber best ihop. Brytninger millom ærlige og dana følk river itte ned, men er tel fremjing baade i førretningslive og helles.

Ragnhild Krogsrud.

I styremøte 15. august 1920 vart de sett ned to nemnder, ei tel aa finne eit høveli stelle paa Flisa tel kaffistove der, og likeeins ei tel aa finne rom hell hus paa Skarnes tel de samma. Paa aarsmøte 1924 vart de vælд ei nemnd tel aa ærbe før ei kaffistove paa Eidsvoll. Emse vanskeliheiter har gjort at dessa føremaala har itte ført tel noe, einnaa.

Tomta utafør kaffistova har si eiа soge:

Tanken om „Bøndernes hus“ paa Kongsvinger vart reist i februar 1920. Førmannen sekre sæ under haand fleirtal baade i Kongsvinger bystyre og Vinger herredstyre før at kommuna skulde bli med. Taa lag var de Bondeongdomslage paa Kongsvinger, Kongsvinger handelstand, Byens vel (Kongsvinger), Smaanæringslage, — og styre før Skogeierforeninga og Landbruksforeninga i krinsen var ogsaa spord, — og døm hadde lova aa ta saka op tel drøſting. De som de sto paa, var aa sekre huse ei høveli tomt. De var tomta millom Vingers Sparebank

og kaffistova. Vingers Sparebank gjikk med paa aa kjøpe hælve tomta ilag med Varden tel føremaale og stelte eit laan paa 30 000 kr. tel de. Apoteke skulde faa rom i bygningen, var de tanken. Men saa kom eigara med noen klausuler i kjøpekontrakta som di interesserte nekte gaa med paa, og da eigara itte var tel aa rokke, gjikk „Bøndernes hus" i vasken. Naa skjønner full alle haa stort tape er. Eit „Bøndernes hus" med kontorer før di emse sammenslutninger i krinsen m. m. m. vilde sekkert ha skapa baade sameining og størke, tel fremjing baade taa kulturelle og økonomiske føremaal.

Ved Professor Sverre Pedersens reguleringsplan vart saa tomta lagt ut tel park før byen. Magistraten søkte banken om 10 000 kr. og Varden om 5000 kr. tel kjøp taa plassen. Varden gjikk med ein gong med paa det; men banken løyvde berre 8000 kr. Før itte aa miste denna vakre planen gjikk Varden med paa aa legge ut di 2000 kr., saa kjøpesummen før tomta — kr. 15 000 — likevel vart dekt. Vilkaare før de var at tomta skulde vera rydde tel 25-aarsfesten før fylke.

Tel bystyre kom de søknad om aa bygge paa plassen likevel. Framlegge vart itte drøfte i bystyre før i mai 1925. Søknaden vart nekte, men kommer op att i bystyre, da itte to treadeler taa bystyre gjikk med paa aa ekspropriere og kjøpe tomta. Haass de naa kan gaa er uvisst.

Til di mange saken som fylke har tei op og drivi fram, har de vøri gødt bruk før penga. I saklista er berre nemnt di støsste saken. Aa nemne baade stort og smaatt vil føre før langt. Av og tel har vi da røkki utkring krinsen au, har gitt tel bautaen aat G. Stang, fonne aat Arne Garborg, studentmaallagets bibelomsetting, soldathus paa Terningmoen o. s. br. Som hjelp har vi tei

mot fraa Noregs Ungdomslag 80 kr.; men vi har gitt att lagspenger og skatt taa kaffistova vaar kr. 3116,84. Tel Østlandsk Reisning har vi ytt 664 kr. Men derfraa har vi faatt hjelp i saa mange telfeller, saa vi har itte betalt samærbe for dyrt, einda.